

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** E-post

**Dato:** 28.04.2017

**Tidspunkt:** 11:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn                | Funksjon  | Representerer |
|---------------------|-----------|---------------|
| Noralv Distad       | Leiar     | AUR           |
| Olav Turvoll        | Nestleiar | VIK           |
| Jan Geir Solheim    | Medlem    | LÆR           |
| Bjørg Djukastein    | Medlem    | VOSS          |
| Gunn Åmdal Mongstad | Medlem    | SFFK          |
| Iril Schau Johansen | Medlem    | HOFK          |

---

## Merknadar

---

Møtet vart gjennomført med svar på e-post.

## Frå administrasjonen møtte:

| Namn           | Stilling                      |
|----------------|-------------------------------|
| Anbjørg Nornes | Sekretær/verneområdeforvaltar |

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Noralv Distad

Bjørg Djukastein

## Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald  | Lukka | Arkiv-saksnr |
|---------------|--|-------|--------------|
| ST 18/17      | Godkjenning av innkalling og dagsorden                                   |       |              |
| ST 19/17      | Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll                      |       |              |
| ST 20/17      | Nærøyfjorden verneområdestyre - tilrettelegging av lagerrom på Salthella |       | 2017/1654    |

### **ST 18/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 28.04.2017**

##### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **ST 19/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 28.04.2017**

##### **Vedtak**

Møteprotokoll 28.04.2017 er godkjent av Noralv Distad og Bjørg Djukastein.

### **ST 20/17 Nærøyfjorden verneområdestyre - tilrettelegging av lagerrom på Salthella**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 28.04.2017**

##### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

##### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Arild Dyrdal løyve til å lage eit lagerrom i enden av muren på Salthella på gnr. 67 bnr. 2. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 første ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Lagerrommet skal gravast inn i bakken bak muren i sørenden av muren. Lagerrommet skal byggast i samband med gjenoppbygging av bakkemuren på Salthella.
- Lagerrommet skal byggast med lekastein og skjermast med steinmur i framkant og jord og torv på toppen. Det skal setjast inn ei enkel treluke i framkant av lagerrommet.
- Lagerrommet skal avgrensast til det som er naudsynt for oppbevaring av utstyr til kajakk-leiren. Høgda på lagerrommet skal tilpassast eksisterande terrenghøgd.
- Utgraving for lagerrommet skal ikke føra til endring av terrengetformasjonane. Torva på haugen skal leggjast til side og flyttast tilbake på haugen når rommet er bygd.
- Tiltakshavar er ansvarleg for vedlikehald og tilsyn av lagerrommet. Etter at lagerrommet er kome på plass, skal det ikke oppbevarast utstyr i terrenget på Salthella.
- Dersom det ikke er bruk for lagerrommet lenger, skal rommet fjernast, og terrenget tilbakeførast og tilpassast området rundt.
- Forvaltar skal vera med på synfaring på tiltaket før arbeidet er slutført.
- Løyve til tiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Det skal sendast rapport med bilde frå tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune for å avklare å det må søkjast om løyve etter anna lovverk i kommunen.